

● Fosnavåg i kappløp med Trondheim og Horten om å bli først i landet:

Vil ha førarlaus ferje i Vågen

Fosnavåg kan bli mellom dei første stadene i landet som får passasjertrafikk med eit førarlaust fartøy.

Om alt klaffar kan folk i framtida bli frakta over Vågen i Fosnavåg ved hjelp av eit førarlaust fartøy. Herøy Næringsforum har jobba med ideen ei tid, og no gjer utviklinga lokalt at prosjektet kan få vatn under baugen.

På Vågsholmen, på andre sida av sundet for Fosnavåg sentrum, er rivinga av eit eldre bygg i full gang. Og snart blir det bygd to større bustadkompleks på staden. Difor er arbeidet med å få til ei form for kryssing på vatnet blitt aktuallisert.

– I byutviklingsprosjektet har alle arkitekter anbefalt ei slik løysing og vi i næringsforumet har også tenkt på ei slags kryssing, fortel leiar Geir Idar Kvalsvik i Herøy Næringsforum.

Å gå til fots rundt vågen og tilbake tek kjapt ein times tid, og difor vil ein kople saman sentrum og den nye bydelen. Ein har allereie sett seg ut kvar stasjonane for ombordstiging kan plasserast rett ved sentrumskaia og tvers over Vågen.

– Førebels er dette på skissestadiet, men det er eit prosjekt vi jobbar seriøst med, fortel Kvalsvik.

Plass til 12 personar

Kva for løysing som blir valt er langt frå avgjort og det er også eit ope spørsmål om kven som skal drifte ei slik ferje. Men Håvard Notøy i Fostech har allereie jobba med prosjektet ei tid og sett på kva for utfordringar ein kan møte.

Det mest aktuelle er ei lita batteridreven passasjerferje med plass til opptil 12 personar som også kan ta med seg sykkel og barnevogn.

– Truleg vil ein laste ned ein app på telefonen og når du kjem på kaia vil du fortelje den



FØRARLAUS FRAMTID: Batteridreven ferje over Vågen i Fosnavåg kan bli ein realitet i framtida. Frå venstre: Håvard Notøy i Fostech, NTNU-direktør Asgeir Johan Sørensen og Geir Idar Kvalsvik i Herøy Næringsforum. FOTO: MARIUS ROSBACH

at «no treng eg ferja». Om den er ledig så kjem den til den stasjonen der du står – og tek deg over, forklarar han.

Fostech kan vere ein aktuell utviklar for teknologien, men Notøy seier dei også er på utkikk etter samarbeidspartnarar. Både fylkeskommunen og Herøy kommune har stilt seg positive til prosjektet – og lokalpolitikarar har planar om å ta turen til Trondheim for å få vite meir om korleis dei har jobba fram eit tilsvarande prosjekt der.

– Passar perfekt

Under Fosnavågkonferansen torsdag fortalde professor og NTNU-direktør Asgeir Johan Sørensen at slike former for transport over kortare avstandar er høgaktuelt.

– Kabelferjene frå gamalt av er på full fart tilbake, seier han – men denne gongen vil dei

altså styre seg sjølv eller blir fjernstyrt frå land.

– Teknologien til å frakte folk på slike korte avstandar er allereie på plass og Fosnavåg passar perfekt. Samstundes kan det bli ein attraksjon, fortel Sørensen.

Både i Trondheim og Horten er ein komne lengre med planane om førarlause ferjer. Trønderane ønskjer å få eit slikt fartøy i drift som vil vere den første av sitt slag i verda.

– Vi lagar ein testmodell no i sommar som skal gå fram og tilbake, også skal vi i samarbeid med fylkeskommunen og kommunen finne ut kven som skal drive den, fortel Sørensen.

Fleire bruksområde

NTNU-professoren fortel at dei på sikt ser føre seg at drifta i Trondheim kan utvidast.

– Vi har snakka om at folk kan legge til med cruiseskip og



RASKT: Utviklinga av teknologien infor autonome fartøy går raskt. NTNU-direktør Asgeir Johan Sørensen og dei andre på Fosnavågkonferansen kunne studere fleire sjølvstyrte mindre fartøy.

gå rett over i mindre slike type fartøy og bli frakta oppover elva til dømes til domkyrkja, seier Sørensen.

Håvard Notøy i Fostech legg til at stasjonane dei ser føre seg for om bordstiging i Fosnavåg vil vere mobile, slik at dei kan nyttast på ulike vis.

– Eit slikt konsept kan også nyttast til større arrangement, som til dømes konsertar. Då kan ein legge fleire slike landingseiningar etter kvarandre og frakte folk effektivt fram og tilbake, seier Notøy.

MARIUS ROSBACH
mr@smp.no



HEIDRA: Richard Gjerde (t.v.) frå Fosnavåg Shippingklubb utnemnde Asbjørn Endresen til æresmedlem i samband med Fosnavågkonferansen torsdag. FOTO: MARIUS ROSBACH

Vart æresmedlem i shippingklubben

– Dette var ei overrasking, seier Asbjørn Endresen som for ein gongs skuld blei mållaus då han vart utnemnt som æresmedlem i Fosnavåg Shippingklubb.

76-åringen vaks opp i Bø i Vesterålen og kom til Sunnmøre då han starta i Sævik Supply tidleg på 1980-talet.

– Eg blei teken i mot som ein i familien og raskt kjent med dei fleste. Og miljøet der i nord og her på Sunnmøre er eigentleg ganske likt, fortel han.

President Richard Gjerde i shippingklubben tok tilhøyrarane gjennom det langstrakte livet til sjøs som Endresen har vore gjennom.

Etter studiedagane med mellom anna styrmannskule i Tønsberg, sjøkrigsskule i Bergen og økonomiutdanning ved Agder-universitetet segla han i yngre dagar både på MTB i Forsvaret og på ulike tank- og bulkbåtar. Gjerde trekte fram Endresen som ein pådrivar i

utviklinga av offshoreverksemda sidan 1980-talet, og han har vore både i Kr. Jebsens Shipping, TFDS Offshore, Remøy Management, Rem og Neptune Offshore. Han har vore med å starte utdanning innan skipsmekanikk i Herøy – der han vart lærar. Han også vore aktiv i lokalpolitikken for Høgre og vore med i Herøy Mannskor.

MARIUS ROSBACH
mr@smp.no